



Kop:



Helse Førde HF  
Administrasjon  
Avdeling for internkontroll

Besøksadresse:  
Svanehaugvegen 2  
6800 FØRDE

Postadresse:  
Postboks 1000  
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00

[post@helse-forde.no](mailto:post@helse-forde.no)

[www.helse-forde.no](http://www.helse-forde.no)

Org.nr: 983 974 732

Lotteri- og stiftelsestilsynet

Postboks 800  
6805 FØRDE

Vår ref: (oppgi ved kontakt)  
2015/4172 - 8553/2016

Dykkar ref.:

Saksbeh.: Bård Eikeset,  
tlf: 57839553

FØRDE,  
04.03.2016

## **Vedk. vedtektsendringar for bustadstiftingane ved sjukehusa i Sogn og Fjordane**

### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/fylkesutvalet har fram til i dag hatt mynde til å oppnemne styrer i dei tre bustadstiftingane i Førde, Nordfjordeid og Lærdal. Dette er ei ordning som går tilbake til då fylkeskommunen var sjukehuseigar.

Hausten 2013 vart Helse Førde kontakta av administrasjonen i SFFK med spørsmål om vi ønskete å overta denne oppgåva. Saka hadde vore handsama i fylkestinget sitt vedtok i sak 46/12 (eigarmeldinga) kor tinget vedtok å gje fylkesutvalet fullmakt til å gjere naudsynte tiltak slik at Helse Førde i framtida skulle velje styra til dei tre bustadstiftingane. Grunngjevinga for dette var at fylkeskommunen ikkje lenger såg dette som ei naturleg oppgåve for seg etter at Staten overtok eigarskapen til sjukehusa i 2002. Helse Førde gav tilbakemelding på at dette var ei oppgåve vi kunne overta dersom dette elles var i samsvar med stiftelselova. Administrasjonen i SFFK fremja sak for fylkesutvalet som i sak 105/13 vedtok at valretten til styra skulle overførast til Helse Førde HF, sjå vedlegg 1.

Etter at saka hadde vore handsama i fylkesutvalet den 6.11.13 stoppa saka opp. Ein av grunnane til dette skal ha vore at minst eit av styra tok til orde for at oppgåva med styreoppnemning i staden burde overførast til vertskommunane.

Arbeidet vart teke opp att hausten 2015. Administrasjonen i SFFK gjorde framlegg om eit kompromiss der Sogn Regionråd skulle få oppnemne eit styremedlem for bustadstiftinga i Lærdal og Nordfjordrådet skulle oppnemne eit medlem for bustadstiftinga på Nordfjordeid. I begge desse stiftingane gjorde administrasjonen framlegg om at Helse Førde skulle oppnemne to styremedlemmer, inkludert styrets leiar. For stiftinga i Førde, som pt. har 4 medlemmer, skulle Førde kommune oppnemne to, medan Helse Førde skulle oppnemne to, inkludert styreleiar. Fylkesutvalet slutta seg til dette, med den endring at vertskommunane Lærdal og Eid erstatta Sogn regionråd og Nordfjordrådet.

Då saka kom opp for fylkestinget den 13.10.15 (sak 35/15) vart resultatet snudd om, slik at Helse Førde fekk høve til å utpeike eit medlem i dei tre styra, to (inkl. styreleiar) skulle utpeikast av vertskommunane, sjå vedlegg 2. Fylkestinget vedtok også at tal medlemmer i stiftinga i Førde skulle reduserast frå fire til tre, utan nærrare grunngjeving.

I brev frå Helse Førde til SFFK den 18.12.15 tek vi opp 3 forhold som vi meiner krev ei avklaring før vi tek stilling til å takke ja til retten til å oppnemne eit styremedlem i dei tre stiftingane, sjå vedlegg 3. Dette blir besvart i brev frå SFFK datert 15.2.16, vedlegg 4.



Helse Førde er ikke samd i dei vurderingane SFFK har gjort, og vi ønskjer å forelegge saka for Stiftelsestilsynet for uttale.

### Nærare om saka

#### Rett organ til å vedta eller initiere endringar i vedtekten

Det første spørsmålet er knytt til kva organ som har høve til å vedta eller initiere endringar i stiftingane sine vedtekter.

For stiftingane i Lærdal og Eid framgår i vedtekten § 7 om vedtektsendring:  
*Styret handsamar forslag til endring i vedtekten. Fylkesutvalet gir fråsegn.*

For stiftinga i Førde er også vedtektsendringar omhandla i § 7 med følgjande ordlyd:  
*Forslag om endringar i vedtekten skal fremjast til styret. Styret si tilråding skal sendast Sogn og Fjordane fylkeskommune for endleg godkjenning i fylkesutvalet.*

Etter vedtekten er det altså fylkesutvalet som er tillagt kompetansen knytt til vedtektsendringar. For to av stiftingane er utvalet gjeve fråsegsrets, for stiftinga i Førde skal det gje *endeleg godkjenning*. Dette vart også gjort i sak 105/13 (vedlegg 1). Saka burde slik sett stoppa der, men det gjorde den ikke. Etter påtrykk, særleg frå stiftinga i Førde, valte administrasjonen å fremje ei ny sak for fylkesutvalet der ein foreslo ein delt valrett. Fylkesutvalet gjorde nytt vedtak om delt valrett der verkskommunane fekk mynde til å peike ut eit styremedlem. Saka vart så sendt vidare til fylkestinget som snudde om på fylkesutvalet sin konklusjon.

Helse Førde tok opp spørsmålet om fylkestinget har mynde til å foreta endringar i vedtekten. For det første er det ikke i samsvar med gjeldande vedtekter. For det andre har fylkestinget i sak i sak 46/12 vedteke å gje fylkesutvalet fullmakt til å gjere naudsynte tiltak slik at Helse Førde i framtida skulle velje styra til dei tre bustadstiftingane.

SFFK viser i sitt brev av 15.2.2016 at alt mynde i fylkeskommunen er forankra i fylkestinget. Det vert vist til kommunelova § 6 kor det framgår at fylkestinget gjer vedtak på vegner av fylkeskommunen så langt ikke anna følger av lov eller delegasjonsvedtak. Vidare vert det vist til at spørsmål om *opprettning av stiftingar og valrett er delegert til fylkesutvalet, men at fylkestinget når som helst kan ta attende delegert mynde, instruere underordna organ i konkrete saker, eller vedta at fylkestinget sjølv vil gjøre avgjerd i ei bestemt sak som fell innanfor ramma av eit generelt delegeringsvedtak*. Endeleg hevdar SFFK at *vedtekten til stiftingane ikke kan innskrenke fylkestinget sitt mynde*.

Helse Førde er usamd i denne oppfatninga. Når fylkesutvalet i vedtekten til stiftingane er tillagt mynde i saker som gjeld vedtektsendringar, så må dette vere bindande. Vedtekten angir presist kva organ som her har mynde. Både stiftingane som sådan og tilsynsorgan må kunne halde seg til det som framgår av vedtekten. Ein anna løysing vil gjere det lite førescieleg.

Etter Helse Førde si oppfatning er det ikke her snakk om nokon delegasjon av mynde. Det er vedtekten som plasserer mynde hos fylkesutvalet, ikke eit delegasjonsvedtak. Fylkestinget kan difor ikke fjerne denne plasseringa av mynde. Det må i så fall skje gjennom endring av stiftingane sine vedtekter.

### Vedtak i samsvar med stiftelselova

Om ein skulle kome til at fylkestinget har kompetanse til å initiere denne omdanninga så vert neste spørsmål om overføringa av valretten er i samsvar med stiftelselova.

#### *Kort om val av styremedlemmer i bustadstiftingane*

For stiftingane ved fylkessjukehusa i Lærdal og på Eid var den opprinnelege ordninga at styra for

Kopi

lokalsjukehusa også utgjorde styra for bustadstiftingane, sjå vedlegg 5 og 6. Etter at fylkessjukehusa mista sine eigne styrer i 1993 vart vedtekten endra slik at styra vart sett saman av direktøren, økonomisjefen og ein representant frå legetakarane ved kvart av fylkessjukehusa. I samband med den statlege overtakinga av eigarskapen av sjukehusa vart vedtekten igjen endra slik at to av styremedlemmene skulle utpeikast av fylkesutvalet, medan ein skulle veljast blant leigebuarane (sjå saksutgreiing i sak 00/07420, vedlegg 7). Grunnen til dette er kravet i stiftelselova § 27, 3. ledd om at den som har avsett kapital til stiftingane ikkje skal kunne vere dei einaste styremedlemmene i vedkomande stifting.

For bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane peika fylkesutvalet ut 3 av 4 styremedlemmer allereie ved opprettinga av stiftinga, sjå sak 146/75 (vedlegg 8). Denne ordninga er vidareført fram til i dag. Dei gjeldande vedtekter ligg som vedlegg 9.

#### *Nærare om overføring av valrett.*

Etter stiftelselova § 45, 1. ledd er ei vedtektsendring å rekne som ei omdanning i lova sin forstand, og reglane i kap. 6 må følgjast.

Helse Førde vil i samband med dette vise til stiftelselova § 47, 1. ledd:

*Når omdanningen gjelder stiftelsens formål eller en annen bestemmelse som det må antas at det ble lagt vesentlig vekt på ved opprettelsen av stiftelsen, skal omdanningen så langt som mulig tilpasses det opprinnelige formålet eller det siktemålet som det må antas at lå til grunn for bestemmelsen.*

§ 47, 1. ledd må lesast slik at ein ved omdanning må være lojal mot det opprinnelige formålet.

Hovudpoenget med opprettinga av stiftingane var å skaffe bustader til tilsette ved sjukehusa, og det skulle m.a. sikrast ved at det var eigar av sjukehusa som oppnemte styra. Dette er sjølv sagt viktig for å sikre at stiftinga beheld fokus på det å skaffe personalbustader.

Vi vil difor hevde at ei naturleg forståing av § 47, 1. ledd vil vere at valretten vert overført til den som i dag er sjukehuseigar, nemleg Helse Førde HF. Dette er også i samsvar med fylkesrådmannen si opphavelege innstilling.

SFFK hevdar i sitt svar 15.2.2016 at valrett til stiftingane ikkje er å ansjå som *en annen bestemmelse som det må antas at det ble lagt vesentlig vekt på ved opprettelsen av stiftelsen*. I staden meiner ein valrett til styra ikkje er tillagt vesentleg vekt ved opprettinga, og at omdanning då kan skje i medhald av § 46, 2. ledd om *bestemmelsen viser seg å være uehdig eller ubensiktmessig*. Det vert her vist til at forarbeida nemner framgangsmåten ved styrevalg som eksempel på ei meir uviktig føresagn.

Helse Førde er usamd i denne vurderinga, og viser til Justisdepartementet si avgjerd datert 14.2.2008, sjå vedlegg 10. Departementet legg i denne avgjerdta til grunn at stiftelselova § 46, 1. ledd kjem til anvendelse ved vurderinga av om vilkåra for å endre vedtektsføresegner om valrett er oppfylt, og ikkje dei mindre restriktive vilkåra i § 46, 2. ledd. Det framgår vidare av vedtaket at *administrative endringer vil ofte omfattes av bestemmelsens annet ledd, men det må alltid foretas en konkret vurdering av om det ved opprettelsen ble lagt vesentlig vekt på bestemmelsen eller ikke*. Vidare framgår at det etter departementet sitt syn vil ha *formodningen mot seg at en seriøs oppretter på opprettelsetidspunktet ville gi beboerne de rettighetene som påvirkingen av styresammensetningen innebærer, uten at det ble lagt vesentlig vekt på det*.

Overført til vår sak er dette relevant. Fylkeskommunen var på opprettingstidspunkta eigar av sjukehusa og stod som opprettar av stiftingane. Ved dei to første stiftingane valte fylkeskommunen at styra i stiftingane skulle vere identisk med styra i lokalsjukehusa. Seinare vart dette endra til at sjukehusdirektør og økonomidirektør utgjorde 2 av 3 styremedlemmer, og etter seinare vart dette endra til at Fylkesutvalet

skulle peike ut 2 av 3. For bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset vedtok ein allereie ved opprettinga at fylkesutvalet skulle peike ut 3 av 4 styremedlemmer.

Vi meiner dette viser at det var sentralt for opprettaren at sjukehuseigar oppnemner styrefleirtalet. Det sikrar effektivt at stiftingane følger opp formålet om å skaffe bustader til dei tilsette.

Til dette skal og merkast at SFFK i saksutgreiinga allereie i sak 04/04319 (vedlegg 11) reiste spørsmålet om Helse Førde kunne peike ut alle styremedlemmene, men dette gjekk ein ikkje vidare med då. Dette viser etter vårt syn at SFFK sidan opprettinga og fram til i dag har hatt eit klart ønske om å velje styremedlemmene i bustadstiftingane. Sagt med Justisdepartementet sine ord vil det ha formodninga mot seg at føreseggnene om valrett til styra har blitt til utan at det har blitt lagt vesentlig vekt på det.

Her skal og nemnast at Helse Førde har etterspurt om det føreligg saksdokument/saksutgreiingar som understøtter påstanden om at føreseggnene om valrett ikkje er tillagt vesentleg vekt ved opprettinga. I epost frå SFFK den 22.2.2016 framgår at det ikkje føreligg slik dokumentasjon, sjå vedlegg 12. Den viktigaste opplysning i saka er difor den nære samanheng det er mellom formålet med stiftingane og styresamsetninga.

Med tilvisning til ovanståande meiner vi at endring av føreseggnene om valrett ikkje kan skje etter stiftelselova § 46, 2. ledd. Som følgje av dette må omdanning skje i samsvar med reglane i § 46, 1. ledd. Dersom ein skulle finne at eit av desse vilkåra er oppfylt må ein vidare sjå hen til § 47 som legg feringar for innhaldet i omdanningsvedtaket. Vi viser til at fylkeskommunen som sjukehuseigar på ulike måtar som nemnt ovanfor har sytt føre at fylkeskommunen v/fylkesutvalet frå og med opprettinga og fram til i dag har hatt kompetansen til å velje styremedlemmer i bustadstiftingane. Helse Førde er av den kläre oppfatning at det er eigarfunksjonen til sjukehusa som har vore avgjerande for denne retten. Dette vert og underbygd ved at det var under handsaming av eigarmeldinga i fylkeskommunen at fylkestinget i 2012 gav fylkesutvalet fullmakt til å overføre valretten til Helse Førde. Grunngjevinga var at *fylkeskommunen ikkje lenger har bruk for stiftingane etter at ansvaret for dei tilsette ved sjukehusa vart overteke av Helse Førde*, omtalt i vedlegg 1. For oss framstår det då som eit paradoks at fylkeskommunen vel å overføre hovuddelen av valretten til vertskommunane, som heller ikkje har hatt ei rolle som sjukehuseigar.

Helse Førde står difor på standpunktet om at ei endring av føreseggnene om valrett skal være lojal mot det opprinnelege formålet. Det einaste rette vil då vere å overføre denne til helseføretaket, som i dag utøver eigarfunksjonen for sjukehusa.

Under debatten i Fylkestinget vart det teke til orde for at ei overføring av valretten til Helse Førde ville medføre ei rolleblanding og ein interessekonflikt som kunne vere til skade for stiftingane. Denne uroa er heilt ugrunna. Styremedlemmer i ei stifting representerer ingen eigar, men vert utpeika med det mål for auge å utføre sitt oppdrag til det beste for stiftinga som sådan. I dette ligg at eit styremedlem ikkje har høve til å la stiftinga sine interesser vike til fordel for andre, t.d. opprettar eller liknande. Utføring av styrevervet i strid med stiftinga sitt beste er belagt med ansvar.

#### Endring av formål

I saksdokumenta ligg og korrespondanse frå Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane som viser at ein ved denne stiftinga ønskjer å endre vedtekten for å kunne leige ut til «studentar og tilsette ved Høgskulen eller andre». Stiftinga viser til at omsynet til ei forsvarleg forvaltning av eigedomane tilseier ei slik endring. Vi er kjent med at dette ikkje har materialisert seg i eit konkret forslag til vedtektsendring enno, og at fylkesutvalet ikkje har handsama dette spørsmålet. Likevel skriv SFFK at fleire av dei alternative omdanningsgrunnane i § 46 kan gjere seg gjeldande i denne saka.



Helse Førde HF  
Administrasjon  
Avdeling for internkontroll

Besøksadresse:  
Svanehaugvegen 2  
6800 FØRDE

Postadresse:  
Postboks 1000  
6807 Førde

Kopf  
Telefon: 57 83 90 00  
[post@helse-forde.no](mailto:post@helse-forde.no)  
[www.helse-forde.no](http://www.helse-forde.no)

Org.nr: 983 974 732

Slik Helse Førde tolkar bestemmelsen skal det særskjært mykje til å endre formålet i vedtekten til stiftingane, og vi kan ikke sjå at det i denne sakana skal vere grunnlag for ei slik endring. At styret i det heile tek til orde for ei slik endring er i direkte strid med formåla som er knytt til å skaffe bustad til sjukehustilsette. Ei endring som går på å opne opp for at andre kan leige bustader vil medføre at det blir vanskelegare å skaffe bustad til tilsette ved sjukehusa, då det vil medføre at sjukehustilsette vil kome i ein konkurransesituasjon med andre. Dette vil ikke bli avhjelpt med at det er framheva at dei tilsette ved sjukehuset framleis *skal ha prioriteten*.

Helse Førde stiller og spørsmål ved grunngjevinga for styrets ønske om å opne opp for andre leigetakrar. Stiftinga viser til at grunnen er at føretaket har meldt tilbake at behovet for dei største leilegheitene er mindre no enn tidlegare. Etter vår vurdering vil eit naturleg svar på dette vere at styret i dialog med oss foretar ei restrukturering av eigedomsmassen framfor å opne opp for andre leigetakrar. Vi vil understreke at formålet til stiftingane, å skaffe bustad til sjukehustilsette, framleis er like aktuelt og reelt i dag som tidlegare. Styrets mål må då vere å legge til rette for å ivareta stiftinga sitt formål, ikkje å foresla endringar som kan redusere helseføretaket sine mogleigheter for å skaffe bustad til sine tilsette.

I lys av dette ber Helse Førde om ein uttale på i kva grad det vil vere mogleg å endre ei stiftning sitt formål så lenge det opprinnelige formålet er framleis er like aktuelt og reelt som ved opprettninga.

oooOooo

Helse Førde er klar over at Stiftelsetilsynet ikkje førehandsgodkjenner vedtektsendringar. Vi vonar likevel at vi med dette har opplyst saka så mykje at det vil vere mogleg å gje ein uttale om dei 3 problemstillingane som her er reist.

Med helsing

Jon Bolstad  
Adm. Direktør

Bård Eikeset  
føretaksjurist

Kopi:  
Sogn og Fjordane fylkeskommune